

Til deg som vigslar

I juni lanserer skatteetaten ei ny innlogga teneste for prøving av ekteskapsvilkår. Det tyder at par som ynskjer å gifte seg, vil kunne logge seg inn via Skatteetaten.no, invitere forlovar eller vitne til å gjere det same, og på kort tid få handsama sin søknad om prøving av ekteskapsvilkår digitalt.

Å søke om prøving digitalt er mykje enklare for brureparet, og me i Skatteetaten tilrår alle brurepar å nytte den nye innlogga løysinga. Me ber med dette alle vigslarar om å oppdatere den informasjonen de deler, munnleg og skriftleg, internt og med komande brurepar, om korleis prøving foregår.

Overgang til ny, digital løysing:

Den fyrste versjonen av tenesta, kan nyttast av alle som ynskjer å gifte seg etter norsk rett. Vår neste versjonen, som me vonar å kunne tilby rett over sommaren, vil og handtere par som giftar seg etter utanlandsk rett.

Allereie no, medan me piloterer løysinga, vil de vigslarar kunne motta prøvingsattestar frå Folkeregisteret. Attestane vil sjå annleis ut fordi me moderniserer Folkeregisteret. På dei nye, digitale prøvingsattestane vil stempel og signatur forsvinne.

Proessen for prøving av ekteskapsvilkår vert endra slik:

- Prøving av ekteskapsvilkår skjer digitalt. (NB! Prøvingsattest og vedtaksbrev vil verte sendt elektronisk til Altinn. Dette tyder at løysinga berre vert tilrådd der ingen av ektefellene har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon)
- Komande brurepar og deira forlovarar eller vitner kan fylle ut dei naudvendige erklæringar ved å logge seg inn på skatteetaten.no.
- Sakshandsamingstida vert raskare, og i mange tilfelle heilautomatisk
- Prøvingsattesten kan lastast ned digitalt
- NB! Prøvingsattesten du som vigslar mottek, vil vera utan underskrift og stempel, av di den er utferda digitalt frå Folkeregisteret
- Skatteetaten informerer på sine nettsider om at informasjonstryggleiken til personopplysningane i attesten kan vernast gjennom formidling via kryptert e-post, eller sending i lukka konvolutt, men brurepara vel sjølv kva kommunikasjonskanal dei nyttar for å formidle attesten til vigslar
- Vigslar skal sende tilbake kopi av ferdig utfylt prøvingsattest til prøvingsmyndigheita innan 3 dagar. Den skal sendast til dokumentsenteret i regionen der ein av brurefolka bur.

*Det vert gjort endringar i skjemaet prøvingsattest/melding om vigsel/vigselsbok som kjem frå prøvingsmyndigheita via brureparet. Under feltet for "Prøvingsattest" vil følgande endringar kome:

- Felta med "Embetsstempel" og "Tenestemannens underskrift og namn med blokkbokstavar" vil verte fjerna
- det kjem fram informasjon om at dokumentet er godkjend elektronisk og derfor ikkje har fysisk signatur
- adressa til prøvingsmyndigheita som har gjort prøvinga vil ikkje komma fram

** Er du usikker på kva region du skal sende til? Her er ei oversikt over kva skattekontor som høyrer til dei ulike regionane: <https://www.skatteetaten.no/kontakt/kontor/skattekontor>

Om endringa:

I dag lyt brurepar og vitner fylle ut papirskjema og sende med brevpost til skattekontoret. Saka vert handsama manuelt, og prøvingsattest vert sendt tilbake til brureparet med brevpost. No vert heile prøvingsprosessen digitalisert, med digitlæ erklæringar, automatisert sakshandsaming og digital prøvingsattest som brureparet kan laste ned via Altinn. Løysinga er enklare, raskare og svært sikker.

Noreg får nytt Folkeregister i 2019. Den nye digitale teneste for prøving av ekteskap inngår som ein av leveransane i dette moderniseringsarbeidet.

Oppdatering av vigslingsmyndigheitas kommunikasjon ut:

Vedlagt finn de ein tekst til vidare fri bruk, med informasjon om prøving av ekteskap i ny løysing. Denne teksten er tiltenkt komande brurepar. Me vonar informasjonen kan kome til nytte i dykkar kommunikasjon, og publiserast – som den er, eller tilpassa dykkar behov – i dykkar relevante kanalar, på nett eller andre stader.

Me ber samstundes alle vigslarar hente nye skjema frå statleg blankettarkiv

<https://www.signform.no/dss/statlige-blanketter?view=form&id=936&epslanguage=nb-NO> Her ligg både Q-150 (eigenerklæring for brurefolket) og Q-0150 (forlovererklæring), oppdatert pr mai i år.

Med beste helsing